

Eit korps og eitt kor i Uskedalen får nye dirigentar denne hausten.

Liv Signe Bleie frå Rosendal tar over i Uskedal skulemusikk medan Mari Malmsten på Stord blir den nye dirigenten for "Røysterett for alle". Bleie er ansatt i musikkskulen.

Malmsten kjem etter Turid Anne Ruste, som no flyttar frå Kvinnherad etter å ha vore kunstnarleg leiar for koret sidan 1997.

Malmsten, som opprinneleg er svensk, har dirigert både Husnes Blandakor og Leirvik Mannskor. Ho har vore lærar både ved folkehøgskulen på Halsnøy og gymnaset på Stord.

Mari er kjend som ein svært engasjerande dirigent og har dei beste skussmål..

- Vi er spente, vi må vera førebudde på at ho gjev oss bakoversveis frå start, seier leiar Lars Henrik Skogtun til **Uskedalen.no**.

24. august er datoen for hennar første møte med koret.